



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Hareid Ungdomsskule
Dato:	31.10.2022
Tid:	kl 08.30 - 11.55

Fremmøtte	Representerer	Funksjon
Audun Ulstein	H	leiar
Kjersti Røyset Topphol	KrF	medlem
Inga Ishild Hareide	UAV	medlem
Øyvind Grimstad	UAV	nestleiar
Greta Kirkebø	V	medlem

Andre som møtte

Vest kontroll:

Kjetil Kvammen, juridisk rådgjevar/advokat. I sak PS37
Astrid Landsverk Sande, konsulent.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS:
Bodill Skeide, dagleg leiar/revisjonssjef.

Hareid kommune:

Kai-Rune Bjørke, kommunalsjef sektor for samfunnsutvikling. I sakene PS34 OS04 og PS37.
Bjørnar Haddal, økonomileiar. I sak PS42.
Trude Kristin Dalen, personalleiar. I sak PS42.
Siv-Marit Røyset Kaldhol, rektor Hareid ungdomsskule. I sakene PS34 OS05 og OS06.

Øyvind Grimstad fekk permisjon frå kl. 10:00, under sak PS34 OS05 og kom tilbake kl. 10:45 til sak PS35 RS07.

Møtestart 08:35

Pause kl. 09:08 - kl. 09:16.

Møteslutt 11:55

Sakene vart behandla i følgjande rekkefølge:

PS32, PS33, OS34 OS04, PS37, PS34 OS05, PS42, PS35 RS07, PS38, PS39, PS40, PS41, PS43, PS44, PS45.

Omvisning på skulen vart tatt etter møtet.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 32/22	Godkjenning av innkalling og sakliste	22/2098
PS 33/22	Godkjenning protokoll	22/2098
PS 34/22	Orienteringar	22/2098
PS 35/22	Gjennomgang av møteprotokollar	22/2098
PS 36/22	Referatsaker	22/2098
PS 37/22	HAREID KOMMUNE SI PROSJEKTOPPFØLGING AV OVERFØRINGSANLEGG FOR VATN OG AVLØP BIGSET – RISE, SAKSBEHANDLING OG RUTINAR	22/2086
PS 38/22	Budsjett for kontrollarbeidet 2023	22/2087
PS 39/22	Hareid Parkering AS - Rekneskap 2021	22/2046
PS 40/22	ÅRSREKNESKAP, ÅRSMELDING, REVISJONSMELDING 2021 SØRE SUNNMØRE IKT (SSIKT)	22/2090
PS 41/22	ÅRSREKNESKAP, ÅRSMELDING, REVISJONSMELDING 2021 SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS (SSR)	22/2096
PS 42/22	Kvartalsrapport inkl. finansrapport 2. kvartal 2022	22/1885
PS 43/22	Revisjonsplanlegging 2022 - Finansiell revisjon Hareid kommune	22/2079
PS 44/22	Vedtaksoppfølging	22/1095
PS 45/22	Saker til eventuell seinare behandling	22/2098

Hareid, 31.10.2022

Audun Ulstein
Leiar i kontrollutvalet

PS 32/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

PS 33/22 Godkjenning protokoll

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

PS 34/22 Orienteringar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
04/22	Nessetelva - Orientering om synfaring
05/22	Sektorbesøk hjå Hareid Ungdomsskule
06/22	Kommunedirektøren - orientering om tilsyn på internkontroll og skulemiljø

Vedtak:

1. Kontrollutvalet tek orienteringane til vitende.
2. Kontrollutvalet tek møtereferatet frå synfaringa ved Nessetelva til vitende og ber om at kommunalsjefen kjem tilbake med ei orientering etter at statsforvaltaen har vore på synfaring ved elva.

Behandling:

OS04/22 - Nessetelva orientering om synfaring
Nestleiar Øyvind Grimstad og kommunalsjef Kai-Rune Bjørke orienterte om synfaringa og svarte på spørsmål.

OS05/22 - Sektorbesøk hjå Hareid Ungdomsskule
Rektor Hareid Ungdomsskule, Siv-Marit Røyset Kaldhol, orienterte og svarte på spørsmål. Viser til powerpoint som vert lagt på saka. Kontrollutvalet fekk omvisning på skulen i slutten av møtet.

OS06/22 - orientering om tilsyn på internkontroll og skulemiljø
Rektor Hareid Ungdomsskule, Siv-Marit Røyset Kaldhol, orienterte og svarte på spørsmål. Viser til powerpoint som vert lagt på saka.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

PS 35/22 Gjennomgang av møteprotokollar**Vedtak:**

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

PS 36/22 Referatsaker**Underliggende sak:**

Saksnr.	Tittel
07/22	Påvirker økt inflasjon kommunene?

Vedtak:

RS07/22 vert utsett til neste møtet då vedlegget ikkje viste under saka.

PS 37/22 HAREID KOMMUNE SI PROSJEKTOPPFØLGING AV OVERFØRINGSANLEGG FOR VATN OG AVLØP BIGSET – RISE, SAKSBEHANDLING OG RUTINAR**Vedtak:**

Kontrollutvalet legg saka fram for kommunestyret med slik tilråding:

1. Kommunestyret ber kontrollutvalet om å greie ut kva for rutinar innan kommunedirektøren sin internkontroll som har svikta når det gjeld gjennomføring og ei kontraktsmessig ferdigstilling av VA-prosjektet Bigset – Rise.
2. Kontrollutvalet sine kostnader ved utgreiingane, inntil kr. 60 000, vil bli å belaste kommunen i samsvar med samarbeidsavtalen med Vest kontroll.

Behandling:

Juridisk rådgjevar/advokat Kjetil Kvammen orienterte og svarte på spørsmål.

I forhold til å få dekke kostnadane, må ein få eit kostnadsoverslag så man kan gå til kommunestyret for å få det dekket. Det må stå i vedtaket. "Ein ber kommunestyre innvilge nødvendige midlar..."

Dagleg leiar si tilråding:

1. Kontrollutvalet bed om at det vert utgreidd kva for rutinar innan kommunedirektøren sin internkontroll som har svikta når det gjeld gjennomføring og ei kontraktsmessig ferdigstilling av VA-prosjektet Bigset – Rise.
2. Kontrollutvalsekretariatet sine kostnader ved utgreiingane vil bli å belaste kommunen i samsvar med samarbeidsavtalen.

PS 38/22 Budsjett for kontrollarbeidet 2023

Vedtak:

1. Kontrollutvalet sitt framlegg til eige budsjett for 2023 blir vedteke med ei ramme på kr 160 000.
2. Kontrollutvalet tek til vitende budsjetta for Vest kontroll og Søre Sunnmøre kommunerevisjon for 2023, då vedtaksmynde for budsjettet ligg til representantskapa i selskapa.
3. Kontrollutvalet tek til vitende at den samla ramme for kontrollarbeidet i 2023 blir på om lag kr 1 027 000.

Dagleg leiar si tilråding:

1. Kontrollutvalet sitt framlegg til eige budsjett for 2023 blir vedteke med ei ramme på kr 160 000.
2. Kontrollutvalet tek til vitende budsjetta for Vest kontroll og Søre Sunnmøre kommunerevisjon for 2023, då vedtaksmynde for budsjettet ligg til representantskapa i selskapa.
3. Kontrollutvalet tek til vitende at den samla ramme for kontrollarbeidet i 2023 blir på om lag kr 1 027 000.

PS 39/22 Hareid Parkering AS - Rekneskap 2021

Vedtak:

Kontrollutvalet tek årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding 2021 til vitende.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding 2021 til vitende.

PS 40/22 ÅRSREKNESKAP, ÅRSMELDING, REVISJONSMELDING 2021 SØRE SUNNMØRE IKT (SSIKT)

Vedtak:

Kontrollutvalet tek årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding 2021 vedkommande Søre Sunnmøre IKT (SSIKT) til vitende.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding 2021 vedkommande Søre Sunnmøre IKT (SSIKT) til vitende.

PS 41/22 ÅRSREKNESKAP, ÅRSMELDING, REVISJONSMELDING 2021 SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS (SSR)

Vedtak:

Kontrollutvalet tek årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding 2021 vedkommande Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS til vitende.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding 2021 vedkommande Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS til vitende.

PS 42/22 Kvartalsrapport inkl. finansrapport 2. kvartal 2022

Vedtak:

Kontrollutvalet tek kvartalsrapporten og finansrapporten for 2. kvartal 2022 til vitende.

Behandling:

Personalleiar Trude Kristin Dalen orienterte og svarte på spørsmål vedkommande høgt sjukefråvær.

Økonomileiar Bjørnar Haddal orienterte og svarte på spørsmål.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek kvartalsrapporten og finansrapporten for 2. kvartal 2022 til vitende.

PS 43/22 Revisjonsplanlegging 2022 - Finansiell revisjon Hareid kommune

Vedtak:

Kontrollutvalet tek til vitende Revisjonsplanlegging 2022 – finansiell revisjon for kommunen, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

Behandling:

Dagleg leiar/revisjonssjef Bodill Skeide orienterte og svarte på spørsmål.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek til vitende Revisjonsplanlegging 2022 – finansiell revisjon for kommunen, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

PS 44/22 Vedtaksoppfølging

Vedtak:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

PS 45/22 Saker til eventuell seinare behandling

Behandling:

Det kom ikkje fram opplysningar som gav høve til vedtak.